



Oslo, 30.05.10

La olja ligge

Uttalelse fra Norges Naturvernforbunds landsstyremøte 30. mai 2010

Landsstyret i Naturvernforbundet ber regjeringa ta lærdom av ulukka i Mexicogulfen, og krev at heile 21. konsesjonsrunde vert avlyst. Regjeringa må lytte til de miljø- og fiskerifaglege råda dei får i samband med utlysningane av nye felt til olje- og gassindustrien. Dei siste åra har vi sett aukande brot med desse råda i samband med konsesjonsrundane og utlysningar knytt til ordninga for tildeling i førehandsdefinerte område (TFO). Om 21. konsesjonsrunde vert gjennomført, må regjeringa i det minste syte for å fylgje råda frå Havforskningsinstituttet, Klima- og forureiningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning.

Oljekatastrofen i Mexicogulfen er ei av dei ulukkene som ikkje skulle kunne skje, ifylgje garantiar både frå oljeselskapa og politikarar. Nå står vi likevel overfor ein katastrofe som ingen anar utgangen av. Tusenvis og kanskje millionar av liter olje renn ut i havet kvart døgn, og oljeutsleppet har vist seg å være svært vanskelig å stanse. Oljekatastrofen i Mexicogulfen skjer i eit tropisk havområde som er relativt roleg utanom orkansesongen og med stor fordamping frå havoverflata. Likevel er faren stor for at både livet i havet og i kystområda vil bli alvorleg skada for lang tid med slike store oljeutslepp. Kva som enn vert utgangen av denne alvorlege hendinga, viser den at miljøkatastrofar alltid vil kunne skje der risiko og sårbarheit møtast.

Samstundes som dette skjer i eit havområde langt borte frå oss, står norske representantar frå oljeselskapa og politikarar fram og påstår at ei slik katastrofe ikkje kan skje i norske havområdar. Naturvernforbundet meiner at dette er ei total ansvarsfråskrivning, og spesielt når vi er merksame på korleis dei amerikanske oljemyndigheitene overkjørte dei miljøfaglige rådene frå USAs miljøinstitutt.

På same måte lyttar den norske regjeringa i mindre grad enn før til eigen miljørådgjeving, samstundes som vi får illevarslande signaler om sikkerheita på norsk sokkel. Ei undersøking frå Petroleumstilsynet viser at lite gjerast for å redusere risikoen på sokkelen. Dei raudgrøne har gjeve oljeindustrien tilgang til 121 område som dei ifylgje regjeringas eigne miljøfaglige etatar aldri skulle gjeve tilgang til. Bondevik II-regjeringa gjorde det same i 46 tilfelle.

Sanninga er at ingen kan gje garantiar mot oljeutslepp i samband med oljeutvinning til havs, korkje i Mexicogulfen, i Barentshavet, utanfor Lofoten, Vesterålen eller Senja. I dei nordlege havområda kan skadane frå eit oljeutlepp bli mykje meir alvorlege enn på sørlegare breiddegrader. Naturvernforbundet meiner at regjeringa ikkje bør ta den risikoen.